




Årsrekneskap 2024



Innholdsliste

Visjon, foretningsidé og styringsbudskap	3
Leiargruppa	4
Organisasjonskart	5
Årsberetning	6
Rekneskapsresultat 2022	14
Balanserekneskap 2022.	18
Kontantstraumoppstilling 2022	21



Om oss

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF etablert 01. november 2004. Selskapet er eit resultat av samanslåing av IKT-avdelingane ved helseføretaka i Helse Vest.

Vi leverer utstyr og tenester innanfor IKT-området til spesialisthelsetenesta i Helse Vest.

Selskapet skal bidra til ei betre helseteneste ved innovativ bruk av IKT-løysingar.

Helse Vest IKT AS sin visjon er å bidra til ei forenkling av pasienthandsaminga i vid forstand.

Helse Vest IKT har kontor i Førde, Florø, Bergen, Haugesund, Stavanger, Voss, Odda og Stord.

Nøkkeltal

Antall tilsette:	798
Omsetning:	kr. 2 038 698 654
Antall system:	828
Antall brukere:	38 000

Kontakt

Bjørnsons gate 29
5052 BERGEN

55 97 65 00
postmottak@helse-vest-ikt.no
www.helse-vest-ikt.no
Org.nr: 987 601 787

Visjon

Helse Vest IKT AS skal bidra til å forenkle pasientbehandlingen.

Forretningsidé

Helse Vest IKT AS skal være leverandør av IKT-produkt og IKT-tenester til spesialisthelsetjenesten i Helse Vest, med særleg fokus på føretaksgruppa Helse Vest.

Dei fire strategiske måla viser kva vi skal strekke oss mot - både i det daglege arbeidet og i den langsiktige styringa av selskapet.

- Vi har sikker, stabil og effektiv drift av infrastruktur og løysingar.
- Vi er ein framoverlent samarbeidspartnar i helseføretaka sin digitale transformasjon.
- Vi har ein moderne digital grunnmur.
- Vi lukkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette.

Styringsbodskap

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området.

Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest RHF.

Styret

Styreleder	Inger Cathrine Bryne	Administrerende direktør Helse Vest RHF
Styremedlem	Arve Varden	Administrerende direktør Helse Førde HF
Styremedlem	Anders Hovland	Administrerende direktør Helse Fonna HF
Styremedlem	Helle Kristine Schøyen	Administrerende direktør Helse Stavanger HF
Styremedlem	Eivind Hansen	Administrerende direktør Helse Bergen HF
Styremedlem	Eivind Gjemdal	Administrerende direktør Bits AS
Styremedlem	Beate Sander Krogstad	Konserndirektør Digital & IT Statnett
Styremedlem	Karl Olav Haaland	Spesialkonsulent IKT Helse Vest IKT
Styremedlem	Agnete Sjøtun	Konsulent Helse Vest IKT
Styremedlem	Elisabeth Meling	Spesialkonsulent Helse Vest IKT
Styremedlem	Bernt Olav Økland	Spesialkonsulent Helse Vest IKT

Leiargruppa



Ole Jørgen Kirkeluten

Adm.direktør

Elektronikkingeniør frå Høyskolen i Bergen og sivilingeniør fra NTNU, etterutdanning innan prosjektleiing og endringsleiing. Erfaring frå telekom, energi, helse og finans.



Leif Nordland

Økonomisjef

Siviløkonom frå Handels- høgskulen i Bodø. Tidlegare økonomi-sjef i Hummervoll AS og rekneskapsjef i Helse Bergen.



Ole F. Gulbrandsen

HR-leiar

Master Human Resource Management frå Universitetet i Nordland. Har tidlegare arbeid som HR-leiar og rådgjevar innan statleg- og kommunal sektor.



Kristin Farestvedt

Avd. leiar, Strategisk IKT

Bedriftsøkonom med tillegg frå BI, etterutdanning innan leiing, endringsleiing og organisasjonsutvikling. Erfaring frå shipping, IT, finans og helse.



Pål Gaute Sætre

Konst. avd. leiar, Verksemdsutvikling

Master i Informasjonsvitenskap frå UiB + utd frå Gimekollen mediehøgskole, BI og UiO. Tidlegare arbeida med utvikling av system i bank/finans i TietoEvry.



Gjertrud Fagerli

Avd. leiar, Verksemdsutvikling

Sivilingeniør og leiarutdanning frå NHH og BI. Har tidlegare arbeid i Accenture, Telenor og EDB Business Partner.



Ørjan Andersen

Avd. leiar, Tenesteutvikling

Hovudfag i informasjonsvitenskap frå UiB. Tidlegare konsulent i PWC og rådgjevar og prosjektleiar i Helse Bergen.



Vidar Råheim

Avd. leiar, Regionalt EPJ-fagsenter

Master i helse og sosialinformatikk. Sjukepleiarbakgrunn frå Psykiatrisk klinikk, Medisinsk divisjon og Fag- og foretaksPÅL



Fredrik Eldøy

Avd.leiar, IKT-fagsenter

Sivilingeniør i telematikk frå NTNU. Tidlegare arbeid på UiB og hos EDB Business Consulting.



Harald Flaten

Avd. leiar, Tenesteproduksjon

Elektronikkingeniør frå NKIs Ingeniørhøgskule i Bergen. Tidlegare driftsingeniør i Televerket og driftsleiar for IT-avdelinga ved Sentralsjukehuset i Førde.

Organisasjonskart

Fellestenester Økonomisjef Leif Nordland	Administrerende direktør Ole Jørgen Kirkeluten	HR HR-leiar Ole Fredrik Gulbrandsen
Strategisk IKT Avdelingsleiar Kristin Farestvedt	Tjenesteutvikling Avdelingsleiar Ørjan Andersen	IKT-fagsenter Avdelingsleiar Fredrik Eldøy
Arkitektur og løsningsdesign I Seksjonsleiar Thomas Hatlestad	Administrative system Seksjonsleiar Oddny Sønnesyn	Kundesenter Seksjonsleiar Thomas Yrvin
Arkitektur og løsningsdesign II Seksjonsleiar Tor Helland Kleppe	Kliniske system Seksjonsleiar Margunn Pile Torpe	Drifts- og sikkerhetssenter Seksjonsleiar Randi Solberg
Designrevet innovasjon Seksjonsleiar Kristin Farestvedt	LIBRA forvaltning Seksjonsleiar Fredrik Birkenfeldt	Applikasjonsstøtte Seksjonsleiar Elisabeth Skeide Larsen
Strategisk rådgivning Seksjonsleiar Guro Søyland Von Ubisch	Helselogistikk Seksjonsleiar Lars Jacob Hove	Tjenesteproduksjon Avdelingsleiar Harald Flaten
Virksomhetsutvikling Avdelingsleiar Pål Gaute Sætre	Drift- og støttesystem Seksjonsleiar Terje Bakkelund	Applikasjonsdrift Seksjonsleiar Christen Olav Dale
Integrasjon Seksjonsleiar Steinar Hamre	Regionalt EPJ Fagsenter Avdelingsleiar Vidar Råheim	Lokalstøtte Seksjonsleiar Tord Hovland
Utvikling Seksjonsleiar Magnhild Viste	Samhandling Seksjonsleiar Eli Johannessen	Arbeidsflate Seksjonsleiar Frode Langeland
Styringsdata Seksjonsleiar May Bodil Hope	Felles løysing Seksjonsleiar Kristin Whitehouse	Server og lagring Seksjonsleiar Anders Fredrikson
Prosjektledelse Seksjonsleiar Eirik Aaserød	Pasientjournal Seksjonsleiar Frode Nilsen	Datakommunikasjon Seksjonsleiar Andreas Espelid
Testsenter Seksjonsleiar Bente Saltnes	Legemiddel og kurve Seksjonsleiar Jon Terje Hauger	Tele og signal Seksjonsleiar Atle Knudsen
Teknisk prosjektledelse Seksjonsleiar Eirik Aaserød		IKT-utstyr Seksjonsleiar Jarle Simonsen
		IKT-sikkerhet Seksjonsleiar Knut Gjærde
		Database Seksjonsleiar Thomas Jakobsen
		Skytenester Seksjonsleiar Peter Galambos

Utviklingsplan – På veg inn i framtida

Endringar i forventningar, rammevilkår og utviklingstrekk er alle faktorar som påverkar oss i Helse Vest IKT. For at vi framleis skal vere ein attraktiv IKT-leverandør og samarbeidspartnar for sjukehusa i Helse Vest, må vi heile tida arbeide med å utvikle selskapet i tråd med desse endringane.

Utviklingsplanen set mål og retning for denne vidare utviklinga av Helse Vest IKT. Planen er på eit strategisk og overordna nivå, og peikar retning mot kva vi skal strekke oss etter. Den skal vere relativt stabil over tid og gjeldande så lenge forutsetningane som ligg til grunn er gyldige. Gjeldande utviklingsplan vart vedteken av styret i Helse Vest IKT 9. desember 2023.

For at Helse Vest IKT skal kunne støtte den daglege drifta i sjukehusa gjennom velfungerande teknologi, er vi avhengige av å kunna tiltrekke, utvikle og behalde kompetente tilsette. Leiarane og medarbeidarane er dei viktigaste ressursane våre! I utviklingsplanen vår, målbilete 4, heiter det: «Vi lykkast gjennom trygge, engasjerte og kompetente tilsette». Helse Vest IKT har det siste året fått på plass ei rekkje tiltak for å levera på dette målbiletet: «Onboarding-program» for nytilsette, arbeidsmiljø-tiltaket «Ein bra dag på jobb», nytt program for lærlingar, rekrutteringsstrategi, ei tverrfagleg arbeidsgruppe for likestilling, inkludering og mangfald m.m. Det blir i desse dagar også arbeidd med ei felles leiarplattform for selskapet.



Utviklingsplanen set mål og retning for den vidare utviklinga av Helse Vest IKT.

Prosjekt SOLID har flytta LIBRA til ny driftspartner

Då LIBRA stod på ein utgåande serverpark var det nødvendig å sjå på nye løysingar for vidare drift. Det ble gjort analyser av forskjellige driftsmodellar, og det blei beslutta å inngå kontrakt med ein leverandør av både infrastruktur og SAP Basis drift. Det inneber at leverandøren står for investering i ny serverpark.

Helse Vest IKT skal ha ein solid driftspartner som sørger for at LIBRA er på ein moderne digital plattform med høg sikkerheit. Gevinstar prosjektet har jakta på:

- Auka sikkerheit, tilgjengelegheit og stabilitet
- Forbetra yting
- Senka tidsforbruk på oppfølging av leverandør ved å tilknyta seg en proaktiv og solid driftspartner
- Prosjektet skulle migrere alle SAP-system på vår plattform til ein ny driftsleverandør før juli 2024. Det skulle ikkje innførast nokon funksjonelle endringar.

Tidslinje

Mai 2023: Svar på RFI viste gode indikasjonar på marknads- og leverandørsituasjonen.

Juni 2023: Utsending av konkurranse.

Oktober 2023: Signering av kontrakt med Basis Consulting.

Mai 2024: Migrering av LIBRA ferdigstilt i god tid før driftsavtale på gammal plattform utgår.

Resultat

- Opplever forbetra yting og raskare respons på systemet.
- Oppgradert til eit høgare sikkerheitsnivå.
- Opplever godt samarbeid mellom leverandørane og Helse Vest IKT.

Ein langsiktig investering i cybersikkerheit

Helse Vest IKT er avhengig av ein sterk og robust sikkerhetsorganisasjon. Dette, kombinert med å imøtekomme lovpålagte krav, førte til behov for et eige Security Operations Center (SOC). Prosessen med å få tak i kvalifiserte kandidatar starta for 1,5 år sidan.

Helse Vest IKT er ikkje dei einaste som er på jakt etter gode folk som kan jobbe med sikkerheit. Kvalifisert personell er mangelvare og konkurransen er stor. Vi måtte derfor tenke nytt, og laga eit skreddarsydd rekrutteringsopplegg ved hjelp av eksterne og interne krefter.

Blant eit utval av 1000 søkarar, ble ni kandidatar uteksaminert etter 14 intensive veker på sikkerheitsakademiet Brights i Media City Bergen. Kandidatane har vore gjennom ein omfattande rekrutteringsprosess, følgt av eit intensivt utdanningsprogram.

Tirsdag 23. april var det offisiell opning av Helse Vest IKT sitt nye Security Operations Center (SOC). Senteret overvaker, forhindrar, oppdagar og handterer cybertrugslar med mål om å beskytte selskapet mot eventuelle cyberåtak. SOC-teamet i Helse Vest IKT består av 13 personer med ulik bakgrunn.



Tirsdag 23. april var det offisiell opning av Helse Vest IKT sitt nye Security Operations Center (SOC).

Oppgradering av pasientsignalserverar vart ein suksess

Takka vere godt oppgraderingsarbeid frå Tele og signal, Testsenteret, Meldingsvarslarprosjektet og Helselogistikk er det nå mogleg å få fleire bygg over på Imatis og å få pasientsignal fram i rett tid til riktig kliniske ressurs.

Med utrullinga av smarttelefonar og Imatis i føretaka, får tilsette pasientanrop, assistanseanrop og intern nødvarsel direkte på sin smarttelefon. Integrasjon mellom pasientsignal og Imatis er blitt ein tydeleg forventning hos føretaka.

Tele og Signal og Meldingsvarslarprosjektet har difor i lengre tid samarbeida med BEST pasientsignal for å få inn moglegheiter for betre gjenkjenning av rom, bygg og føretak i Imatis. I april 2024 lanserte BEST pasientsignalservere ein lenge etterlengta versjonsoppgradering til BEST Adapt serverane.

Krevjande logistikk

For å få til oppgraderinga måtte Helse Fonna, Helse Stavanger og Helse Førde, saman med Testsenteret, Tele og signal og Meldingsvarslarprosjektet på kort tid mobilisere ressursar. Versjonsoppgraderingen kravde nemleg ein samtidigheit på tvers av føretaka. Tele og Signal sendte difor ressursar saman med Testsenteret på tvers av fylkesgrensene og stod parat for testing så snart oppgraderinga var gjennomført måndag 27. mai.

Oppgraderinga var vellukka, og ein fekk raskt avdekka feil i kommunikasjon mellom BEST og Imatis. Takka vere iherdig innsats frå Helselogistikk, som gjennomførte to naudendingar utan nedetid, gjekk dette bra.

All testing måtte gjerast i full drift, og i overkant av 20 ressursar frå Helse Vest IKT og føretaka bidrog. Dette stilte krav til både organisering og effektivitet i gjennomføringa. Samla sett skulle ein teste omtrent 790 panel to gonger for å sikre at både pasientanrop og assistanseanrop kom fram som dei skulle i Imatis på rolletelefonane.

All testing var slutført tysdag 28. mai klokken 15:00.

Byggstøtte IKT i mål med Livabygget i Førde

Livabygget er eit toppmoderne somatisk sjukehusbygg, der ein finn att IKT på dei fleste områder. Det har difor vore svært mange leveransar som måtte på plass innan drifta kunne starte opp. Takka vere innsats frå mange kollegaer i heile Helse Vest IKT har innflyttinga i Livabygget gått veldig fint, og arbeidet ble fullført to dagar før fristen.

Byggstøtte IKT har som mål å alltid levere på tid, kost og kvalitet i prosjekter for kundar i Helse Vest, og dei har jobba mykje og hardt med fleire deler av leveransen. Blant annet var implementeringa av operasjonsstøttesystemet Brainlab i Helse Vest sin infrastruktur både komplisert og arbeidskrevjande.

På mobilitetsfronten har prosjekt Meldingsvarsling i Byggstøtte levert ein god og omfattande løysing for meldingsvarsling via Imatis, som er utvikla i tett dialog med sluttbrukarane. Gode leveransar frå linja i Helse Vest IKT har vore heilt avgjerande. Lokalstøtte, Datakom og Tele og signal har utmerka seg, og prosjekta STERIOP og Sporing og lokalisering har levert sentrale løysingar til det nye bygget. Testarbeidet har også vore heilt uunnverleg, og har vore ein avgjerande faktor for at oppstarten av det nye Livabygget gjekk så bra som det gjorde.



*Livabygget ved Førde
sentralsjukehus opna tysdag
20. august 2024.*

Meldingsvarslingsprosjektet sine leveransar

Året 2024 starta med høgt tempo for Meldingsvarslingsprosjekt.

Første halvår resulterte i tre store og ein mindre leveranse av høg kvalitet til rett tid, herunder Haraldsplass, ei stor oppgradering av BEST regionalt og over tusen konfigurasjonsendringar.

Andre halvår sette vi inn alle krefter på fleire ulike leveransar til Helse Førde Livabygget, og delte løysingane mot andre bygg. Med godt samarbeid internt i Helse Vest IKT og med helseføretaka, samt stor motivasjon, hadde også haustleverasane høg kvalitet til rett tid.

KI innan bildediagnostikk

KI innan bildediagnostikk er applikasjonar som er ferdig trent innan eit spesifikt diagnostisk område og brukast for å tolke bilete. Resultatet av tolkinga vert brukt som beslutningsstøtte for dei som tolkar bileta, og kan avlaste ein travel kvardag.

Dette skal i første omgang takast i bruk på radiologisk avdeling i Stavanger og på skadepoliklinikken i Bergen Helsehus. Den store fordelene med plattformen ein skal prøve ut, er at den er tett integrert med det bildesystemet radiologane allereie brukar. Det betyr at dei ikkje treng lære seg eit nytt verktøy, men får resultat av KI-løysinga si bildetolking lett tilgjengeleg i si vanlege arbeidsflate. Dersom utprøvinga vert vellukka, kan dette opne for at ei slik integrasjonsplattform kan nyttas av andre sjukehus og for andre spesialiseringar innan radiologi.

KI-applikasjonane køyrast i serverar i sky hos dei store leverandørane av skytenester. Pasientinformasjon i bileta blir beskytta gjennom å pseudonymisere disse før dei blir sendt til KI-applikasjonen i sky. Når KI-applikasjonen har tolka biletet, og resultatet er sendt i retur, så blir bilete sletta i sky. Resultatet blir lagra saman med den opprinnelege bildeundersøkinga i det felles digitale mediearkivet Sectra.

«Pasientens journaldokument» vinner av eHelseprisen

Det banebrytande nasjonale samarbeidsprosjektet «Pasientens journaldokument» har vunne årets eHelsepris, utdelt av Den norske dataforening.

Helse Vest har hatt ei sentral rolle i prosjektet gjennom lang tid, og eHelseprisen er ei fantastisk anerkjenning av det gode arbeidet som er lagt ned både i Helse Vest og nasjonalt. I uttalen frå juryen står det at Pasientens journaldokument, som løysing gjennom Kjernejournal, representerer eit paradigmeskifte.

Løysinga sikrar trygg deling av journaldokument mellom helseinstitusjonar. I løpet av 2024 har fleire helsepersonellgrupper fått tilgang til tenesta.

Kryssar målstreken etter 15 år: Unilab på plass i Helse Vest

Alle føretaka i Helse Vest, Haraldsplass og Betanien har no eit felles lab-system. Prosjektet starta i 2009, då med oppstart i Bergen. Måndag 26. februar 2024 var siste familiemedlem frå Helse Fonna på plass.

Unilab er eit fleksibelt lab-system som gir støtte til arbeidsprosessar, og oversikt over pasientens prøvesvar. Det held styr på bestillingar av prøver og prøvetakingar, og gjer det sporbart kor i prosessen prøven er til ein kvar tid.

Randi Monsen Nygaard, sjefbioingeniør på Mikrobiologisk avdeling ved Laboratorieklinikken på Haukeland, kan bekrefte at lab-kvardagen er blitt enklare. Dei var dei første som tok i bruk Unilab for 15 år sidan. Sidan då er Unilab kommen på plass i Førde, Nordfjordeid, Lærdal, Betanien, Stavanger, Haraldsplass, - og nå Haugesund, Odda og Stord. Totalt sett handterer det no over 30 millionar pasientprøver i regionen i året.


DIPS rett i lomma

Arena Mobil gir helsepersonell rask tilgang til journalinformasjon frå DIPS. Måndag 28. oktober dukka den nye mobil-appen opp på Helse Vest-telefoner.

Med Arena Mobil kan helsepersonell få direkte tilgang til informasjon om den enkelte pasient og ha journalen med seg i lomma. Man kan forberede seg på gangen, notere mens man står ved senga, og bli varslet om prøvesvar medan man går runden.

Utvalde brukarar i alle føretaka har prøvd ut Arena Mobil i forkant av innføringa, og gjort seg nokon erfaringar. Her vert det mellom anna trekt fram at appen kan vere til stor nytte under pasientsamtaler. Då kan dei raskt ta fram mobilen og sjekke historikken deira og svare på vanlege spørsmål. Alt frå kva planlagde avtalar dei har, til svar på prøvar og undersøkingar.

Appen skal ikkje erstatte DIPS Arena på PC, men gjere det mogleg å løyse oppgåver som er hensiktsmessig å løyse på ein mobiltelefon.



Menyen i Arena Mobil-appen. Her får helsepersonell tilgang til nyttige funksjonar direkte i appen.

Helse Vest IKT 20 år

I år er Helse Vest IKT 20 år. Sidan 2004 har våre medarbeidarar tatt store sprang saman med sjukehuskollegaer. I Helse Vest er det i dag 30 000 tilsette. Kvar og ein treng driftssikker og brukarvenleg teknologi, dag og natt, heile året rundt. Alt med mål om å sikre at pasientar får den trygge behandlinga dei treng.

Helse Vest IKT sitt 20-årsjubileum ble markert med ein felles fagleg og sosial samling for IKT-arar. Her fekk ein presentasjonar av Helse Vest IKT gjennom 20 år, men òg sett på korleis vi skal møte framtida og dei utfordringane vi står ovanfor.

20 år med enorme framskritt

Gjennom 20 år har Helse Vest fått stadig fleire utfordringar. Vi er i dag leiande nasjonalt innan nytenking, innovasjon og tryggleik innan helsesektoren.

Dei siste 20 åra har vist oss at teknologien ikkje berre handlar om å sikre godt nett og gode verktøy i kvardagen. IKT er til stades i dei fleste rom på sjukehusa, og i dialog med pasientane.

Dei neste 20 åra må vi jobbe hardare for å avlaste sjukehusa med aukande arbeidspress og lange ventelister. Vår kompetanse innan robotisering og kunstig intelligens er konkrete eksemplar for kva vi skal levere av tenester. Og vi må sikre oss mot uønska avanserte åtak frå kriminelle internasjonale nettverk. Heldigvis har vi ressursar på plass for å handsame dette.



23. august ble Helse Vest IKT feiret i Grieghallen, med fagleg program og sosial samling.

Rekneskapsresultat

Rekneskapsmessig resultat for 2024 var eit overskot på 0,4 mill. kr. Resultatet er 0,6 mill. kr under budsjett. Akkumulert rekneskapsmessig resultat for perioden frå 2004 – 2024 visar eit overskot på 31,2 mill. kr.

Dei totale inntektene var 2 038,7 mill. kr. Av desse var 1 841,6 mill. kr sal av tenester til helseføretaka, 41,5 mill. kr sal av IKT-utstyr, 102,1 mill. kr sal av tenester til private/ideelle og eksterne kundar, og 53,5 mill. kr anna inntekt (i hovudsak knytt til tilskot frå Helse Vest RHF).

Totalt driftskostnader var 1 941,2 mill. kr med hovudgruppene varekostnad 40,7 mill. kr, personalkostnader 616,7 mill. kr, avskrivningar 402,3 mill. kr og andre driftskostnader 881,5 mill. kr. Med netto finanskostnader på 97,1 mill. kr gjev dette årsresultatet på 0,4 mill. kr.

Balanse

Totalkapitalen per 31.12.2024 var 2 913,1 mill. kr. Anleggsmiddel utgjorde 78,7 % av totalkapitalen. Balanseført eigenkapital var 182,5 mill. kr og utgjorde dermed 6,3%.

Kontantstraum

Kontantstraumen viser at likviditeten er redusert med 63,7 mill.kr i 2024. Av dette utgjør netto kontantstraum frå ordinær aktivitet 369,6 mill. kr., bruk av kontantstraum til investeringsaktivitetar 606,0 mill. kr, og tilført kontantstraum frå finansieringsaktivitetar 172,7 mill. kr.

Forskjellen mellom kontantstraum frå drifta på 369,6 mill. kr. og årsresultatet på 0,4 mill. kr. er i hovudsak ordinære avskrivningar på 402,3 mill.kr.

Innbetaling ved opptak av langsiktig lån frå Helse Vest RHF utgjorde 175,0 mill. kr. i 2024, mot 200 mill. kr. i 2023. Opptak av lån dekker i all hovudsak forskjell mellom nye investeringar og ordinære avskrivningar.

Finansiell stilling

Likviditetsbeholdning var 69,8 mill. kr og soleis tilfredsstillande. Auken i gjeldsgrad og reduksjon i soliditet held fram på grunn av store investeringsprosjekt. Ein nærmar seg eit punkt der selskapet er sjølvfinansiert gjennom eigne avskrivningar og kan nedbetale gjeld og auke soliditeten. Føresetnaden om vidare drift er lagt til grunn for selskapet sin årsrekneskap for 2024.

Om miljø og samfunnsansvar

Sjukefråvær for dei tilsette i Helse Vest IKT var i 2024 på 6,0%, noko lågare enn i 2023 på 6,3 %, begge inklusive eigenmeldt sjukefråvær.

Helse Vest IKT har ikkje hatt arbeidsulykker i 2024.

Helse Vest IKT feira i 2024 20-årsjubilum, og har i denne perioden vokse til å bli eit av dei største IKT-selskapa på vestlandet.

Arbeid med organisasjonsutvikling mot felles verdiar, god lagånd og omstilling frå forvaltningskultur til ein kundeorientert kultur har vore viktige utfordringar for selskapet. Helse

Vest IKT opplever å ha kome langt i arbeidet med ein god og felles kultur på tvers av lokasjonar og avdelingar, internt i selskapet og i samarbeidet med helseføretaka i Helse Vest.

Selskapet har ikkje teikna forsikring for styrets medlemmer eller dagleg leiars moglege ansvar ovanfor føretaket.

Informasjon om likestilling og diskriminering ligg på vår nettside:

helse-vest-ikt.no/om-oss/likestilling-inkludering-og-mangfald

Helse Vest IKT AS inngår i samarbeidsavtale med Sykehusinnkjøp HF og RHF/HF-a som saman skal utarbeide ei årleg plan for tiltak og aktivitetar som skal gjennomførast i det neste året knytt til samfunnsansvar.

Utgreiing Openheitslova og aktsemdsvurdering vil bli publisert på vår nettside helse-vest-ikt.no, seinast 30. juni 2025.

Ytre miljø

Helse Vest IKT AS si verksemd ureina ikkje det ytre miljø. Selskapet samarbeider med helseføretaka om miljømessig gjenvinning av avfall. Helse Vest IKT fokuserer på bruk av elektroniske møter for å redusere reiseaktivitet. Selskapet var sertifisert etter ISO 14001:2015 i 2021, men valte å gå ut av ordninga i 2022. Styringssystem for miljø som vart etablert under ISO-sertifisering vert vidareført, og selskapet forpliktar seg til å følge opp intern miljøstyring på ein god og samvitsfull måte, med utgangspunkt i rammeverket «Spesialisthelsetenestas rammeverk for samfunnsansvar».

Helse Vest IKT har følgjande miljøpolitikk: *«Helse Vest IKT AS forpliktar seg til å vere ein miljøbevisst organisasjon som kontinuerleg reduserer den negative miljøpåverknaden ved å tenke langsiktig og førebyggjande. Vi satsar på grøn IKT.»*

Helse Vest IKT har i 2024 hatt fokus på å redusere tal på flyreiser, få mest mogleg av utstyr i avemballert stand, gjenbruk av IKT-utstyr, sikre forsvarleg handtering av utstyr som ikkje nyttast lenger, samt gjenbruk av energi frå kjøling av datahallar.

Klimarekneskapen for 2024 viser mellom anna stabilt tal på nytta areal, redusert vatn- og straumforbruk, redusert bruk av diesel, auke i flyreiser og tenestekjøring.

Eigartilhøve

Helse Vest IKT AS er eigd 100% av Helse Vest RHF. Per 31.12.2024 hadde selskapet ein aksjekapital på NOK 1 000 000 fordelt på 2 000 aksjar, kvar pålydande NOK 500.

Disponering av årsresultatet

Årsresultatet for 2024 var eit overskot på kr 398 374. Styret foreslår for selskapet si generalforsamling at overskotet vert ført mot annan eigenkapital.

Utsikter framover

Helse Vest IKT AS har som mål å være den føretrekte strategiske partner for heile helseføretaksgruppa Helse Vest. Gjennom å nå visjonen om å *bidra til forenkling av pasienthandsaminga*, vil selskapet gjø bidrag til at helseføretaka realiserer sine strategiar. Det grunnleggjande utgangspunkt for alt arbeid i Helse Vest IKT er at *Tenesteavtalen* med våre

kundar skal overhaldast og at Helse Vest IKT skal levere sine bidrag til utvikling i tråd med *digitaliseringsstrategien* som er vedteken i Helse Vest.

Det rekneskapsmessige resultatet for 2024 på 0,4 mill. kr er innanfor forventninga om eit 0-resultat, og innanfor selskapets formål med ikkje erverv som formål.

I samsvar med rekneskapsloven vert det stadfesta at føresetnad om vidare drift er lagt til grunn då årsrekneskapen vart avslutta. Helse Vest IKT AS inngår som eit dotterselskap til Helse Vest RHF kor staten gir driftsgaranti, og selskapet kan ikkje gå konkurs.

Styret si oppfatning er at det ikkje er forhold som ikkje tilseier framleis drift.

Styret takkar dei tilsette for godt arbeid gjennom nok eit spennande år.

Bergen, 02.04.2025
Styret for Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
styreleder

Anders Hovland
styremedlem

Eivind Gjemdal
styremedlem

Helle Kristine Schøyen
styremedlem

Arve Varden
styremedlem

Beate Sander Krogstad
styremedlem

Karl Olav Haaland
styremedlem

Agnete Sjøtun
styremedlem

Elisabeth Meling
styremedlem

Eivind Hansen
styremedlem

Bernt Olav Økland
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten
administrerende direktør

Resultatrekneskap 2024

Driftsinntekter og driftskostnader

Alle tall i 1000 NOK.

Driftsinntekter	Note	2024	2023
Basisramme	2	43 103	37 439
Anna driftsinntekt	2	1 995 596	1 731 304
Sum driftsinntekter	2	2 038 699	1 768 743

Driftskostnader			
Varekostnad		40 685	40 873
Lønn og andre personalkostnader	3	616 722	554 417
Ordinære avskrivningar	6	402 308	358 116
Andre driftskostnader	3, 4	881 492	746 505
Sum driftskostnader		1 941 208	1 699 911

Resultat frå drifta	97 491	68 832
---------------------	--------	--------

Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter	5	4 794	4 852
Andre finanskostnader	5	101 887	77 716
Netto finansresultat		-97 093	-72 864

Resultat for året	398	-4 032
-------------------	-----	--------

Overføringer			
Overført annan egenkapital	11	398	-4 032
Sum overføringar		398	-4 032

Balanserekneskap 2024

Eigedelar

Alle tall i 1000 NOK.

Anleggsmidler - Immatrielle driftsmiddel	Note	2024	2023
Lisensar og programvare	6	1 220 236	1 351 853
Sum immatrielle eigedelar		1 220 236	1 351 853
Anleggsmidler - Varige driftsmidler			
Medisinteknisk utstyr, inventar, transportmiddel o.l.	6	392 752	322 126
Anlegg under utføring	6	669 514	406 096
Sum varige driftsmidler		1 062 266	728 222
Finansielle anleggsmidler			
Investering i andre aksjar og partar	7	9 357	8 077
Sum finansielle anleggsmidler		9 357	8 077
Sum anleggsmidler		2 291 859	2 088 153
Omløpsmidlar			
Varer	8	32 578	35 603
Krav	9, 16	518 814	356 407
Bankinnskott, kontantar og liknande	10	69 809	133 509
Sum omløpsmidlar		621 200	525 518
Sum eigedelar		2 913 059	2 613 670

Balanserekneskap 2024

Eigenkapital og gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

Innskoten egenkapital	Note	2024	2023
Føretakskapital	11	1 000	1 000
Annan innskoten egenkapital	11	150 319	150 319
Sum innskoten egenkapital		151 319	151 319

Opptent egenkapital			
Annan egenkapital	11	31 168	30 770
Sum opptent egenkapital		31 168	30 770

Sum egenkapital	11	182 487	182 089
-----------------	----	---------	---------

Gjeld – Avsettingar for forpliktingar			
Pensjonsforpliktingar	12	145 162	93 515
Sum avsetting for forpliktingar		145 162	93 515

Anna langsiktig gjeld			
Langsiktig gjeld til føretak i samme konsern	13, 16	2 175 309	2 002 618
Sum anna langsiktig gjeld		2 175 309	2 002 618

Sum langsiktige forpliktingar og anna langsiktig gjeld		2 320 472	2 096 133
--	--	-----------	-----------

Kortsiktig gjeld			
Skuldige offentlege avgifter		44 566	47 540
Anna kortsiktig gjeld	14	365 534	287 908
Sum kortsiktig gjeld		410 100	335 449

Sum gjeld		2 730 572	2 431 582
Sum egenkapital og gjeld		2 913 059	2 613 670

Bergen, 02.04.2025
Styret for Helse Vest IKT

Inger Cathrine Bryne
styreleder

Anders Hovland
styremedlem

Eivind Gjerdal
styremedlem

Helle Kristine Schøyen
styremedlem

Arve Varden
styremedlem

Beate Sander Krogstad
styremedlem

Karl Olav Haaland
styremedlem

Agnete Sjøtun
styremedlem

Elisabeth Meling
styremedlem

Eivind Hansen
styremedlem

Bernt Olav Økland
styremedlem

Ole Jørgen Kirkeluten
administrerende direktør

Kontantstraumoppstilling

Alle tall i 1000 NOK.

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	2024	2023
Årsresultat	398	-4 032
Ordinære avskrivningar	402 308	358 116
Endring i omløpsmidlar	-159 382	-9 275
Endring i kortsiktig gjeld	74 652	-21 562
Forskjell kostnadsført pensjon og inn-/utbetalningar i pensjonsordninger	51 648	-14 704
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	369 624	308 544

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar		
Utbetaling ved kjøp av varige driftsmidlar	-604 735	-559 570
Utbetalinger ved kjøp av andre finansielle eiendeler	-1 280	-1 104
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-606 015	-560 674

Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar:		
Innbetaling ved opptak av ny langs. gjeld	175 000	200 000
Utbetaling ved nedbetaling av langs.gjeld	-2 309	-2 309
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	172 691	197 691

Netto endring i likviditet	-63 700	-54 439
Likvide midlar 01.01	133 509	187 948
Likvide midlar 31.12	69 809	133 509
Herav skattetrekk og andre bundne midler	23 845	21 373
Likviditetsreserve 31.12	45 964	112 136

Rekneskapsprinsipp

Generelt om rekneskapen

Rekneskapen for 2024 er sett opp i samsvar med Rekneskapslova av 1998, jf. Lov om helseføretak. Den er utarbeidd etter norske rekneskapsstandardar og retningsliner gjeve av eigar.

Helse Vest IKT AS blei stifta som eige aksjeselskap 01.11.2004 etter aksjelova. På same tida blei anleggsmiddel og forpliktingar overført til Helse Vest IKT AS som tingsinnskot.

I opningsbalansen vart anlegga verdsett til bokført restverdi etter frådrag for avskrivingar.

Konsolidering

Helse Vest IKT AS går inn i konsernrekneskapen til Helse Vest og utarbeider ikkje eige konsernrekneskap. Konsernspissen Helse Vest RHF utarbeider den konsoliderte rekneskapen. Konsernrekneskapen utleverast på forespørsel ved å henvende seg til Helse Vest RHF, Knud Holms gate 8, 4005 Stavanger.

Grunnleggjande prinsipp - vurdering og klassifisering

Årsrekneskapen er bygd på dei grunnleggjande prinsippa om historisk kost, samanstilling, vidare drift, kongruens og varsemd. Transaksjonar regnskapsførast til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter resultatførast når dei er opptente og kostnader samanstillast med opptente inntekter.

Prinsipp for inntektsføring - Rammetilskot

Rammetilskot frå Helse Vest blir inntektsført i det året tilskotet er gitt for.

Andre inntekter

Øyremerka tilskot blir inntektsførte i takt med bruk av midlane. Tilskot til investeringar blir inntektsførte i same periode som avskrivingane på dei aktuelle investeringane.

Gåver vert brukt i samsvar med dei vilkåra eller ynskje givar har for bruk av midlane. Dersom givar har vilkår eller ynskje om at gåva skal brukast til konkrete aktivitetar, prosjekt eller investeringar, klassifiserast ho som tilskot og regnskapsførast etter reglane for øyremerka tilskot.

Sal av varer blir inntektsført ved levering. Tenester blir inntektsførte i den perioden dei blir utførte.

Kostnadsføringstidspunkt samanstilling

Utgifter blir samanstillt med og kostnadsførast samtidig med inntektsføring av dei inntekter utgiftene kan knytast til. Utgifter som ikkje kan knytast direkte til inntekter, kostnadsførast når dei vert pådregne.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar poster som forfell til betaling innan eit år etter anskaffingstidspunktet, og dessutan poster som knytter seg til varekrinsløpet. Andre postar er

klassifiserte som anleggsmidler/langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Vurdering av anleggsmidler skjer til kostpris. Anleggsmidler som har avgrensa økonomisk levetid skal avskrivas etter ein plan. Anleggsmidler vert nedskrivne til verkeleg bruksverdi ved verdifall som ikkje må ventast å vere forbigåande. Nedskrivinga blir reversert i den grad grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Første års avdrag på langsiktig gjeld visast som langsiktig gjeld.

Immaterielle eigedelar

Utgifter til forskning og utvikling er kostnadsførte, då samanhengen mellom utgifter til forskning og utvikling og tilhøyrande framtidige inntekter er uklar. I særskilde høve vil eiga utvikling kunne medføre at det blir framkalla ein eigen godtgjort og vesentleg kontantstraum. Om slike kontantstraumar kan forventast, blir slik utvikling aktivert.

Utgifter til andre immaterielle eigedelar er balanseførte i den utstrekning kriteria for balanseføring er oppfylt, det vil seie at det forventast at dei vil gje framtidige inntekter eller vesentlege reduksjonar i framtidige kostnader. Dette gjeld i hovudsak utgifter til lisensar og programvare. Immaterielle eigedelar som er balanseførte avskrivas lineært over forventa økonomisk levetid frå det tidspunktet eigedelen blir teken i bruk.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler omfattar eigedom, anlegg og utstyr som er rekna for bruk i produksjon, levering av varer eller administrative føremål og som har varig levetid. Desse balanseførast til kost fråtrekt eventuelle akkumulerte av- og nedskrivingar.

Driftsmidler reknast som varige dersom dei har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kr 200 000.

Varige driftsmidler avskrivas hovudsakleg lineært over økonomisk levetid frå det tidspunktet driftsmidlane blir teke i bruk. Det vert teke omsyn til utrangeringsverdi når avskrivingsplanane vert fastsette. Dersom det finnest indikasjonar på at driftsmidler har falle i verdi, blir driftsmidlane nedskrivne til den verdien som kan attvinnast dersom denne er lågare enn regnskapsført verdi.

Påkostnader eller betringar blir lagde til driftsmidlets kostpris og avskrивne i takt med driftsmidlet, mens utgifter til vedlikehald og reparasjonar blir kostnadsførte etter kvart som dei kjem på.

Ved sal og utrangering av anleggsmidler blir vinning ført under andre driftsinntekter og tap under andre driftskostnader.

Eigenkapitalinnskott i KLP

Eigenkapitalinnskott i KLP er separate finansielle eigedelar og blir vurderte til kostpris, men blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje må ventast å vera forbigåande.

Pensjonar

Pensjonsordninga er behandla i rekneskapen etter Norsk Rekneskapsstandard, NRS 6 Pensjonskostnader. Føretaksgruppa følgjer oppdatert rettleiing om pensjonsføresetnader frå Norsk Regnskapsstiftelse justert for føretaksspesifikke forhold. Parameter som er nytta går fram av note om pensjonar. Helseregionenes pensjonsordningar, medrekna AFP, er å rekne som ytingsbaserte planar.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar blir utrekna etter lineær opptening basert på føresetnadar om diskonteringsrente, framtidig regulering av lønn, pensjonar og ytingar frå folketrygda, framtidig avkastning på pensjonsmidlane og føresetnader frå aktuaren om dødelegheit, frivillig avgang osv.

Pensjonsmidlane er vurderte til verkeleg verdi. Netto pensjonsforplikting består av brutto pensjonsforplikting fråtrekt verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Netto pensjonsforplikting balanseførast som avsetning for forpliktingar, mens overfinansiert pensjonsordning er klassifisert som langsiktig fordringar i balansen. Arbeidsgivaravgift er lagt til for begge ordningane.

Endringar i forpliktinga som kjem av endringar i pensjonsplanar bli fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid. Endringar i pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar som kjem av endringar i og avvik mot føresetnadene i utrekningane (estimatendringar) er fordelte over antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid for den del av avvika som overstig 10 prosent av det høgaste av brutto pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar (korridor). Antatt gjennomsnittleg attverande oppteningstid er sett til 12 år.

Periodens netto pensjonskostnad er inkludert i lønn og sosiale kostnader, og utgjer summen av periodens pensjonsopptening, rentekostnad på berekna pensjonsforplikting, forventa avkastning av pensjonsmidlane, resultatført verknad av endringar i estimat og pensjonsplanar, resultatført verknad av avvik mellom faktisk og forventa avkastning, samt periodisert arbeidsgivaravgift.

Usikkerheita er i stor grad knytt til bruttoforplikting og ikkje til den nettoforplikting som framkjem i balansen. Estimatendringar som fylgje av endring i nemnte parameter vil i stor utstrekking periodiserast over gjennomsnittleg attverande oppteningstid og ikkje straks belaste resultatregnskapet slik som andre estimatendringar.

Arbeidstakars del av pensjonspremien er kome til frådrag i lønnskostnaden.

Varelager

Lager av innkjøpte varer er verdsett til lågaste av innkjøpskost etter FIFO- prinsippet og verkeleg verdi. Om det av systemårsaker har vore umogeleg å nytte FIFO-prinsippet, er gjennomsnittsprisen lagd til grunn. Nedskriving for pårekneleg ukurans er gjort i samsvar med god rekneskapskikk.

Krav

Kundekrav og andre krav er førte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap kjem fram etter ei konkret vurdering av enkeltkrav og av dei samla krava. Det er i tillegg gjort sjablongmessig avsetning for dei krava det ikkje er gjort konkret avsetning for. Den sjablongmessige avsettinga er gjort på grunnlag av aldersfordeling av fordringsmassen.

Uvisse forpliktingar

Om det er meir sannsynleg enn ikkje at ei forplikting vil kome til oppgjær, og verdien kan bereknast påliteleg, blir det avsett for den uvisse forpliktinga etter beste estimat.

Segment

Inndeling i segment bygger på interne styrings- og rapporteringsføremål i føretaket. Det blir presentert tal for verksemdsområda. Tala er avstemt mot årsresultat- og balanse i føretaket. Ein har i tillegg klassifisert inntektene etter geografi med utgangspunkt i bustaden til pasientane.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for føretaket for å kunne presentere kontantstraumar tilførte frå høvesvis ordinær drift, investeringsverksemd og finansieringsverksemd.

Valuta

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurderte etter kursen ved utgangen av rekneskapsperioden.

Endringar i rekneskapsprinsipp og feil

Verknad av endringar i rekneskapsprinsipp og korrigeringar av vesentlege feil i tidlegare års rekneskap blir førte direkte mot eigenkapitalen og samanlikningstal er endra.

Samanlikningstal for førre året

Der ny klassifisering er meir korrekt, er samanlikningstal endra tilsvarande.

Skatt

Føretaket er ikkje skattepliktig.

NOTE 2

Driftsinntekter*Alle tall i 1000 NOK.*

	2024	2023
Tenestosal helseføretaka	1 841 560	1 604 909
IKT-utstyr	41 530	41 201
Tenestosal eksterne	102 087	76 661
Anna	53 521	45 972
Sum	2 038 699	1 768 743

NOTE 3

Lønn og andre godtgjersler*Alle tall i 1000 NOK*

	2024	2023
Lønnskostnader	542 915	488 250
Arbeidsgivaravgift	77 724	71 046
Pensjonskostnader inkl. arbeidsgivaravgift	92 081	81 707
Andre ytingar	14 660	10 692
- Balanseførte lønnskostnader egne tilsette	-110 658	-97 278
Sum lønn og personalkostnader	616 722	554 417
Gjennomsnittleg tal på tilsette	780	734
Gjennomsnittleg tal på årsverk	766	722

Ytingar og lån og trygghetsstillelser til leiande personar

Frå og med rekneskapsåret 2022 er føretak med statleg eigardel underlagt retningsliner for leiarlønn og leiarlønsrapportering i asal § 6-16a og b. Dette inneber at det blir utarbeid ein eigen leiarlønsrapport og at opplysningar om eventuelle ytingar, lån og sikkerhetsstillelser til leiande personar etter regnskapslovas § 7-31b og §7-32 første ledd blir gitt i denne rapporten.

Godtgjersle til revisor	2024	2023
Revisjon etter lova	245	221
Andre oppgåver som vedkjem attestasjonar	20	26
Sum honorar til revisor	265	248
Honorar til revisor i høve til inngått avtale	350	229

Honorar til revisor er oppgitt eksklusiv meirverdiavgift.

NOTE 4

Andre driftskostnader

Alle tall i 1000 NOK.

	2024	2023
Kostnader lokale inkl. energi og brensel	65 579	56 923
Kjøp og leige av medisinskteknisk utstyr, mv	23 873	22 313
Reparasjon, vedlikehold og service	30 888	15 537
Konsulenttenester	3 587	3 632
IKT-tenester	107 404	95 287
Anna ekstern teneste	24 715	13 525
Kontor- og kommunikasjonskostnader	50 314	49 754
Kostnader i samband med transportmiddel	692	529
Reisekostnader	12 892	10 802
Forsikringskostnader	5	5
Programvarelisenser	559 816	476 384
Andre driftskostnader	1 728	1 815
Sum andre driftskostnader	881 492	746 505

NOTE 5

Finansposter

Alle tall i 1000 NOK

	2024	2023
Andre renteinntekter	4 687	4 420
Andre finansinntekter	107	432
Sum finansinntekter	4 794	4 852
Interne rentekostnader i føretaksgruppa	101 477	77 291
Andre rentekostnader	108	105
Andre finanskostnader	302	319
Sum finanskostnader	101 887	77 716

NOTE 6

Immatrielle egedelar og varige driftsmidler

Alle tall i 1000 NOK.

Immatrielle egedelar	Goodwill	Lisensar og programvare	Prosjekt under utvikling	Sum
Kostpris 01.01		2 327 132	214 306	2 541 437
Tilgang		23 699	61 075	84 774
Avgang			-129 755	-129 755
Frå prosjekt under utvikling		129 755		129 755
Kostpris 31.12	0	2 480 585	145 626	2 626 211
Akkumulerte avskrivningar		1 405 975		1 405 975
Akkumulerte nedskrivningar				
Balanseført verdi 31.12	0	1 074 610	145 626	1 220 236
Ordinære avskrivningar i året		185 911		185 911
Ordinære nedskrivningar				
Levetid		5 - 10 år		
Avskrivningsplan		Lineær		

Varige driftsmidler	Tomter / bustader	Bygningar	Anlegg under utføring	Medisinsk- teknisk utstyr	Transport- middel, inv. og utstyr	Sum
Kostpris 01.01			406 096		985 913	1 392 009
Tilgang i året			330 818		189 143	519 961
Avgang i året			-67 400			-67 400
Frå anlegg til utføring					67 400	67 400
Kostpris 31.12	0	0	669 514	0	1 242 456	1 911 970
Akk. avskrivningar 31.12					849 705	849 705
Akk. nedskrivningar 31.12						
Balanseført verdi 31.12	0	0	669 514	0	392 752	1 062 266
Ordinære avskrivningar i året					216 397	216 397
Balanseførte lånekostnader						
Levetider					4 - 7 år	
Avskrivningsplan					Lineær	
Leigeavtaler						
Leigebeløp		59 476			1 168	60 644

NOTE 7

Investeringer i aksjar og partar

Alle tall i 1000 NOK.

	2024	2023
Eigenkapitalinnskot i KLP	9 357	8 077
Sum investeringar i andre aksjar og partar	9 357	8 077

KLP, som er eit gjensidig selskap, har dekkja behovet for eigenkapital gjennom innskot frå kundane. I tillegg til dette kapitalinnskotet er det bygd opp eit eigenkapitalfond i selskapet for kvar kunde. Dette fondet består av opptent eigenkapital. Det samla eigenkapitalinnskotet i KLP kan endrast noko frå år til anna sjølv om det korkje er tapt eigenkapital eller innbetalt nye innskot. Om ein kunde flyttar pensjonsordninga si frå KLP til ein annan pensjonsinnretning vil kunden sin del av eigenkapitalinnskotet bli betalt attende. Dette er den einaste situasjonen der kunden faktisk kan disponera eigenkapitalinnskotet sitt.

NOTE 8

Varelager

Alle tall i 1000 NOK.

Varer for videresal	2024	2023
Handelsvarer	32 578	35 603
Sum varer for videresal	32 578	35 603
Sum varelager	32 578	35 603
Kostpris lager	32 578	35 603
Bokført verdi 31.12	32 578	35 603

NOTE 9

Kundekrav og andre krav*Alle tall i 1000 NOK.*

	2024	2023
Kundekrav	19 112	23 085
Krav på føretak i føretaksgruppa	334 645	197 253
Oppsamla inntekter	0	-382
Andre kortsiktige krav	165 057	136 450
Sum krav	518 814	356 407

Kundekrav har følgende fordeling på forfall

Krav som ikkje er forfalne til betaling	18 591	24 486
Krav forfalne med 1 - 30 dagar	407	258
Krav forfalne med 31 - 60 dagar	76	-107
Krav forfalne med 61 - 90 dagar	82	-93
Krav forfalne med meir enn 90 dagar	0	-1 414
Kundekrav pålydande per 31.12.	19 157	23 130

NOTE 10

Kontantar og bankinnskot*Alle tall i 1000 NOK.*

	2024	2023
Skattetrekksmidler	23 845	21 373
Sum bundne kontantar og bankinnskot	23 845	21 373
Bankinnskot og kontantar som ikkje er bundne	45 964	112 136
Sum kontantantar og bankinnskot	69 809	133 509

NOTE 11

Eigenkapital

Alle tall i 1000 NOK.

	Føretaks- kapital	Annan innskoten eigenkapital	Fond for vurderings- forskjellar	Annan eigenkapital	Total eigenkapital
Eigenkapital 31.12. i fjor	1 000	150 319		30 770	182 089
Korr. av feil i tidl. års rekneskap					
Eigenkapital 01.01. i år	1 000	150 319	0	30 770	182 089
Eigenkapitalstransaksjonar					
Resultat dette året				398	398
Eigenkapital 31.12. i år	1 000	150 319	0	31 168	182 487

Eigenkapitalen beløp seg til 1 part lydande på kr 1000 000. Parten er eigd av Helse Vest RHF.

Styringsmål frå eigar	2024	2023	2002-2024
Årsresultat	398	-4 032	29 827
Overført frå strukturfond			
Korrigert for endra levetider			
Korrigert resultat	398	-4 032	29 827
Pensjonskostnader det er teke omsyn til i resultatkravet*			1 373
Resultat jf. økonomiske krav	398	-4 032	31 200
Resultatkrav	1 000	1 000	28 114
Avvik frå resultatkrav	-602	-5 032	3 086

NOTE 12

Pensjon

Alle tall i 1000 NOK.

	2024	2023
Oppsamla pensjonsforplikting	785 636	732 293
Pensjonsmidlar	701 910	619 940
Netto pensjonsforplikting	-83 726	-112 353
Arbeidsgiveravgift på netto pensjonsforplikting	-11 613	-15 583
Ikkje resultatført tap/vinst av estimat- og planavvik inkl. aga	-49 823	34 421
Netto bokførte midler inkl. arbeidsgivaravgift	-145 162	-93 515
Av dette balanseført netto pensjonsforplikting inkl. aga.	-145 162	-93 515
Av pensjonsmidlar utgjør premiefond	29 049	59 646

Spesifikasjon av pensjonskostnad

Noverdi av opptente pensjonsrettar i året	85 369	77 195
Rentekostnad på pensjonsforpliktinga	25 166	21 260
Brutto pensjonskostnad i året	110 535	98 455
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	-32 775	-29 798
Administrasjonskostnader	2 754	2 779
Netto pensjonskostnad inkl, administrasjonskostnad	80 515	71 436
Aga netto pensjonskostnad inkl .adm.kostnad	11 167	9 908
Resultatført aga av aktuarielt tap (vinst)	-2	-4
Netto pensjonskostn. inkl. arbeidsgivaravgift	91 680	81 341
Andre pensjonskostnader*	401	366
Sum pensjonskostnader	92 081	81 707

*Gjeld premie betalt for pensjonsforsikring som ikkje er aktuarrekna, servicepensjonar og andre kostnader som vedkjem pensjon og sikringsordning.

Økonomiske føresetnader	2024	2023
Diskonteringsrente	3,90	3,10
Venta fortjeneste på pensjonsmidlar	5,80	5,20
Årleg vekst i lønn	4,00	3,50
Årleg pensjonsregulering	3,00	2,80
Årleg vekst i grunnbeløp til folketrygda	3,75	3,25
Talet på yrkesaktive personar med i ordninga	788	744
Talet på oppsette personar med i ordninga	462	433
Talet på pensjonistar med i ordninga	113	104
Spesifikasjon av premiefond		
Saldo 1.1.	59 646	62 488
Tilført premiefond	21 755	6 638
Uttak fra premiefond	-52 352	-9 480
Saldo per 31.12.	29 049	59 646

Føretaket har ytingsbasert tenestepensjonsordning i KLP. Denne pensjonsordninga tilfredsstiller krava i lov om offentlig tenestepensjon.

Pensjonsordninga

Tariffesta tenestepensjon for dei tilsette er sikra i pensjonsordninga. Dette gjeld alders-, uføre-, etterlatne-, tidleg pensjon, AFP og vilkårsbunden tenestepensjon. Årskulla fødte før 1963 er sikra tidleg pensjon og AFP 62-67 år. Årskulla fødte frå 1963 er sikra vilkårsbunden tenestepensjon eller livsvarig AFP. Når regelverket krev det, samordnast pensjonane med utbetaling frå folketrygda. Det blir ikkje opptent pensjon for lønn over 12G (folketrygdas grunnbeløp).

Rekneskapsføring av tenestepensjonsordningar med vedtektsfesta ytingsnivå følger norsk regnskapsstandard NRS 6 Pensjonskostnader. Alle statlige helseføretak i KLP inngår i en fleirføretakspensjon. Sidan offentlig AFP er tett integrert med ordinær tenestepensjon inngår forplikting for AFP som del av berekninga av pensjonsforpliktinga.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Partane i arbeidslivet ble einige om ny offentlig tenestepensjon (OfTP) frå 01.01.2020. Stortinget vedtok 11.06.2019 endringar av fleire lover som regulerer pensjon innan offentlig sektor. Regelendringane er innarbeida i KLPs vedtekter. Regnskapsstiftelsen gav ut eigen rettleiing i august 2019 om rekneskapsmessig handtering av endringane i offentlig tenestepensjon. Denne rettleiaren er lagt til grunn ved berekningane frå og med 2019.

Ny livsvarig avtalefesta pensjon (AFP) i offentlig sektor blei sanksjonert i lov om statens pensjonskasse i statsråd 12. april 2024. Ny AFP i offentlig sektor gjeld for tilsette som er

født i 1963 eller seinare og inneber at AFP for tilsette i offentlig sektor vert endra frå å vera ein tidlegpensjonsordning til ei ordning med livsvarig påslag til folketrygda. Det vil medføre ei planendring. Det står igjen å få på plass regelverk for fordeling av finansieringa. Før eit nytt avtaleverk er på plass, blir det sett på som vanskeleg å måle effekten av planendringa påliteleg, og rekneskapsføringa av planendringa blir utsett frem til avtaleverk knytt til fordeling av finansiering er fastsett. Berekninga for 2024 er derfor basert på gamalt regelverk også for tilsette født 1963 og seinare. Planendringa vil medføre vesentleg auke i pensjonsforpliktingar og pensjonskostnader frå det tidspunktet den tas inn i rekneskapen. For den årlege premien vil effekten av ny AFP gi auke i premien over tid.

Regjeringa og partane i offentlig sektor inngjekk 25.08.2023 avtala om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper som har særaldersgrenser. Den nye avtalen inneber at særalderspensjonen blir endra frå ei tidlegpensjonsordning for kulla fødd 1963 og seinare til eit livsvarig påslag til pensjonen for dei som går av tidleg (overgangsreglar for kulla fødd 1964 og 1965). Reglane antek ein at vert vedtekne i 2025.

Regjeringa har i Stortingsmelding 6 (2023-2024) kome med ei tilråding om å auke aldersgrenser, betre alderspensjonen til uføre og endra regulering av minstesatsar i folketrygda. Dersom dette blir vedteke vil ein naturleg konsekvens vera at desse endringane blir gjennomført samtidig i offentlig tenestepensjon. Avtalen om endra pensjonsreglar for yrkesgrupper med særalders føreset at endringane foreslått i stortingsmeldinga blir vedtekne.

Føresetnader for berekningane

Dei økonomiske føresetnadene per 31.12.2024 følger siste rettleiing gitt av Regnskapsstiftelsen i januar 2025. Forventa avkasting er justert ut frå aktivaallokering. Basert på desse er det berekna beste estimat brutto pensjonsforplikting per 31.12.2024.

Demografiske føresetnader	31.12.2024	31.12.2023
Nytta tabell over dødelegheit	KLP2021BE	KLP2021BE
Nytta tabell for uførefrekvens	KLPKU2021BE	KU2021BE
Uttak AFP etter erfaring	15-42,5 %	15-42,5 %

Frivillig avgang for sjukepleiarar (i %)

Alder (i år)	< 20	20-25	26-30	31-40	41-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	10	6	4	3	0

Frivillig avgang for sjukehuslegar og fellesordninga (i %)

Alder (i år)	< 24	24-29	30-39	40-49	50-55	>55
Avgang (i %)	25	15	7,5	5	3	0

Kort om ikkje resultatførte estimatavvik

I samsvar med god regnskapsskikk, nyttar Helse Vest reglane om “korridor” og fordeling over attverande oppteningstid ved behandling av estimatavvik knytt til pensjonsordninga. Estimataavvik utover “korridoren” resultatførast med 1/12-del.

NOTE 13

Anna langsiktig gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

	2024	2023
Gjeld til føretak i same føretaksgruppe	2 175 309	2 002 618
Sum anna langsiktig gjeld	2 175 309	2 002 618

NOTE 14

Anna kortsiktig gjeld

Alle tall i 1000 NOK.

	2024	2023
Leverandørgjeld	183 572	153 048
Kortsiktig gjeld til føretak i same konsern	63 376	38 408
Skyldige feriepengar	61 857	54 949
Skyldig lønn	18 908	17 449
Anna kortsiktig gjeld	37 821	24 054
Sum kortsiktig gjeld	365 534	287 908

NOTE 15

Nærstående partar

Nærstående til Helse Vest IKT AS er definert i rekneskapsloven § 7-30b og rekneskapsforskrifta § 7-30b-1. Vesentlige transaksjoner med nærstående partar kjem fram i denne og andre noter i årsrekneskapen. Ytingar til leiande tilsette er omtalt i note 3, og mellomverande med konsernselskap i Helse Vest er omtala i note 16. Det vesentlegaste av inntekter i Helse Vest IKT AS er sal mot andre føretak i Helse Vest som i 2024 utgjorde om lag 1 842 millionar kroner.

Helse Vest IKT AS har gjennomført en kartlegging og dokumentasjon av styremedlemmer og leiande tilsette sine verv som kan tenkast å komme i konflikt med relasjonar føretaka har til andre aktørar. Helseregionen er blant anna underlagt lov om offentlige kjøp. I Helse Vest IKT AS er det etablert rutinar som skal bidra til å sikre at tilsette som er ansvarlig for, eller har påverknad på inngåing av vesentlege innkjøps- og/eller salsavtalar ikkje sitter med verv eller har andre relasjonar til leverandørar eller kundar mb som kan tenkast å komme i konflikt med deira rolle i føretaka.

NOTE 16

Krav og gjeld mellom føretaka i Helse Vest

Alle tall i 1000 NOK.

Føretak	Kortsiktige fordringar	Langsiktige fordringar	Kortsiktig gjeld	Langsiktig gjeld
Helse Vest RHF	111 395	0	56 362	2 175 309
Sjukehusapoteka Vest HF	3 827	0	626	
Helse Bergen HF	75 548	0	4 609	
Helse Stavanger HF	95 952	0	91	
Helse Fonna HF	30 548	0	237	
Helse Førde HF	17 375	0	1 450	
Sum	334 645	0	63 376	2 175 309